



Gol kommune

Det kongelige Finansdepartement

Akersgata 40
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
15/02258-4

Dato
10.09.2015

Melding om vedtak - Høyring om egedomsbeskatning av arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk

Kommunestyret har behandla saka i møte 08.09.2015 sak 38/15

Vedtak

Gol kommune gjer høyringssvar med slikt innhald:

«Det framlagte notatet frå finansdepartementet om egedomskatt av arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk manglar etter kommunestyret sitt syn grunnleggande vurderingar av distrikta sine legitime rettar til del av verdiskapinga frå arealkrevjande infrastruktur og lokale naturinngrep. Berre for Gol utgjer egedomskatt på kraftlinjer 1,2 millionar kroner, og egedomskatt på teleinstallasjonar 0,2 millionar kroner, som blir borte etter forslaget. (Total egedomskatt 12,1 millionar kroner).

Kommunen meiner me få del i verdiskapinga frå lokale, ofte omfattande, infrastrukturinngrep som kraftnett, telenett, ilandføringsanlegg for olje og gass og vindkraft, og foreslår at desse typar anlegg blir lagt til vasskraft som anlegg som framleis skal ha egedomskatt, der integrerte maskiner og tilhøyrslar er del av skattegrunnlaget.

Dersom dei omtala infrastrukturverksemdene blir skilt ut som eigen kategori, og det blir eit val om ein vil skattelegge andre verk og bruk, vil truleg dei fleste kommunar ikkje ilegge egedomskatt på andre verk og bruk. Då vil truleg problemstillinga rundt integrerte maskiner felle bort. Gol kommune ber om at det blir lagt vekt på den historiske bakgrunnen for beskatning av produksjonsutstyr- og installasjonar. Kommunar var i sin tid positive til å avgi store areal til mellom anna kraftlinjer. Dette ble kompensert i form av utskriving av egedomsskatt.



Dersom dei omtala infrastruktur inngrepa ikkje får eigedomskatt med skatt på integrerte maskiner og tilhøyrse, må det etablerast andre ordningar som kompenserar for tapet av skatteinntekter frå desse omfattande infrastruktur inngrepa.

Med helsing
Gol kommune
Trine Eidsgaard

For
Hege Mørk
Rådmann

Godkjent og ekspedert utan underskrift